



Humlepungen Bryggjarlag bryggjar ute på Husnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Som ein del av programmet på Kvinnherad kulturfestival i helga vert det skpa til ein minnerevy over Bjørn Skibenes.
Frå Uskedalen er byggjarane i Humlepungen Bryggjarlag med i framsyninga.**

Dei vil framføra ei vise Skibenes skreiv til ei Uppskoke.
Innslaget vil ha tittelen: Troll i ord.

I den siste strofen skriv Bjørn at ved hans død skal gravølet stå på Dønhaug saman med gode vener i bryggjarlaget. Som vi alle veit omkom Bjørn Skibenes tragisk på sjøen i haust.

På den siste Uppskoka i november vart dette markert med minneord og song.
No er Humlepungen Bryggjarlag inviterte til å ta del i minnemarkeringa på laurdag i Kulturhuset Husnes.